

Forslag frå: Frp, Høgre, KrF, Pensjonistpartiet og Sotralista-TVØ

Kommunestyret vedtek å senda følgande svar på høyringa om endringar i plan- og bygningslova - forbod om nedbygging av myr:

Høyringssvar frå Øygarden kommune

Generell tilbakemelding

Myr og våtmarker har ein viktig funksjon når det gjeld opptak og lagring av karbon. I tillegg leverer myra andre viktige økosystemtenester. Me meiner difor det er positivt at myr får eit sterkare vern, men at eit forbod gjennom plan- og bygningslova ikkje er det beste verkemiddelet.

1. Øygarden kommune støttar ikkje eit forbod slik lovforslaget er utforma. For å nå nasjonale mål om reduksjon av nedbygging av myr bør staten i staden nytte statlege planretningslinjer som verkemiddel, tilsvarande ordninga for strandsona.
2. Kommunalt planskjønn må oppretthaldast. Terskelen for å gjere unntak frå eit eventuelt forbod i reguleringsplanar bør ikkje vere høgare enn for andre arealtypar. Kravet om «klar overvekt av interesser» vert føreslått fjerna. Kommunane føretek allereie heilskaplege og komplekse avvegingar mellom mange viktige omsyn i planprosessar.
3. Lik regulering av naturtypar. Myr bør ikkje lovregulerast strengare enn andre naturtypar. Det bør i staden leggjast vekt på å redusere den samla nedbygginga av natur, uavhengig av naturtype, slik at ikkje utbygging vert skyvd frå myr til matjord eller skog med tilsvarande negative konsekvensar.
4. Støttar intensjonen. Øygarden kommune deler intensjonen bak forslaget og understrekar viktigheita av å ta vare på myr både for klima, naturmangfald og flaumdemping. Det bør samstundes der føremålstenleg satsast på restaurering og tilbakeføring av tidlegare grøfta myr. Høg terskel for ny nedbygging av myr må vidareførast.
5. Styrking av det lokale sjølvstyret. Staten må unngå ytterlegare detaljstyring gjennom lov og føreskrift, og i staden forenkle og samordne dagens regelverk. Det kommunale sjølvstyret må ikkje avgrensast meir enn naudsynt, jf. kommunelova § 2-2.
6. Vidtrekkande forslag. Dei føreslegne lovendringane går lenger enn naudsynt. Dagens plan- og bygningslov gjev allereie heimel for å verne myrområde. Forslaget vil difor føre til unødige byråkrati og svekke lokaldemokratiet.
7. I strid med Stortingets føringar. Øygarden kommune viser til Stortingets oppmodingsvedtak nr. 1103 i tilknytning til Kommuneproposisjonen 2026, der regjeringa vart beden om å styrkje det kommunale sjølvstyret i plan- og arealsaker. Det aktuelle forslaget går i motsett retning.
8. Ingen tilbakeverkande kraft. Eit eventuelt forbod mot nedbygging av myr må gjelde framover i tid. Eksisterande areal- og reguleringsplanar – uansett alder – må respekterast. Planar under gjennomføring, der det er gjeve rammeløyve, iverksettingsløyve eller inngått gjennomføringsavtalar, må skjermast. Dette er avgjerande for rettstryggleik, føreseielegheit og i samsvar med Grunnlova § 97.
9. Ingen automatisk aldersfrist for planar. Revisjon av eldre planar skal berre skje gjennom ordinær planprosess etter pbl. kapittel 11 og 12, basert på kommunens eigne prioriteringar. Dersom departementet ønskjer å fastsetje rettleiande grense, bør denne setjast til minst 15 år – utan automatisk bortfall av planens rettsverknad.
10. Statleg ansvar for ressursbruk og kunnskapsgrunnlag. Dersom staten ønskjer revisjon av eldre planar («planvask»), må det følgje øyremerkta midlar og oppdatert

kunnskapsgrunnlag for myrdjupn, karbonlager og naturverdiar. Kostnader til ny kartlegging og planarbeid kan ikkje påleggjast kommunane åleine.

11. Kompensasjon for tap. Dersom statlege endringar fører til bortfall av planlagt arealbruk eller økonomisk tap for kommunar, grunneigarar eller private utbyggjarar, må det etablerast kompensasjons- og tilskotsordningar.
12. Klar og samordna definisjon. Dersom eit forbod vert innført, må det avgrensast til myr djupare enn 1 m i tråd med nydyrkingsføreskifta og NIBIO AR5-kartverk. Regelverk og kartleggingsgrenser må samordnast for å vere føreseieleg og redusere konfliktpotensial.
13. Vurdere frivillig verneordning. Øygarden kommune ber om at regjeringa vurderer ei frivillig verne- og kompensasjonsordning for myr, etter modell frå ordninga i skogbruket.
14. Rettleiing til Statsforvaltaren. Øygarden kommune understrekar at kommunale planvedtak skal være styrande, og ber om at Statsforvaltar og sektormyndede får tydeleg rettleiing om høg terskel for motsegn.
15. Avsluttande merknad.
Øygarden kommune støttar arbeidet for å beskytte myr som natur- og karbonlager, men understrekar at tiltaka må være framsynt, føreseielege og rettferdige, og ikkje skape omkamp om tidlegare vedtekne planer eller pågåande prosjekt.
Kommunane må framleis ha reelt handlingsrom til å balansere nasjonale mål mot lokale utviklingsbehov.
16. Når ein plan er eldre enn ti år skal kommunen som planmyndede vurdere om den er mogleg å bygga etter, og i tråd med nasjonale forventingar. Kommunane har i den samanheng høve til å fanga opp planar som legg opp til nedbygging av myr og andre sårbare naturtypar. Generelt bør mellom anna arealrekneskap og naturmangfaldskartlegging etter Miljødirektoratets instruks (NIN-metodikken) inngå i kommuneplanens arealdel og dermed i samla kunnskapsgrunnlag for eventuell planvask.